

Vedlegg til søknad om midlar (SMIL) til bevaring av løe-bygg på Askvik gardnr 236/2 – Histore.

(Vedlegget er same som er sendt ved søknad til Alver Kommune ved søknad om stønad til istandsetting av kulturminne)

Byggår er ukjend.

Ein viser til Arild Sætre for kvalifisert uttale om bygg og historie. Skriftleg dokumentasjon om dette vil verte ettersendt når motatt frå Sætre. I mellomtida, vennleg sjå følgande kortversjon av den lokale kjennskapen til historia rundt bygget/garden den står på

Ein teori er at bygget var satt opp i nokolunde si norverande form, ein gång på 1700 talet. Ifølgje historien var det ein pengesterk gardeigar Askvik, Ivar Simonsen Almelid Askvik som sørga for fornying av store delar bygningsmasse på garden. Det er derimot detaljar som tydar på at historia er eldre enn det.

Garden, ett bruk, bestod i starten av eit klyngetun litt lenger opp i bakken i Askvik.

I 1670 vart garden, ifølgje familiehistoria, fyste gång delt i to bruk. Samstundes kan lokalhistorie og gardshistorie gjenfortalt gjennom generasjonar tyda på at delar av tidlegare driftsbygning har vore gjenbrukt i noverande bygg. Sett i lys av tradisjonen kan det ha vorte delt material frå opprinneleg bygning på gard nummer 236 mellom dei nye bruka (236/1 og 236/2) under delinga av garden i 1670. Det er og sagt at noko av materialen i bygget vart henta frå andre stadar etter bygg som vart rive/flytta, som vanleg var.

Det kan framstå som om løa skulle hatt 6 stavar, men har bere 4. Samstundes er 2 tilsvarande stavar å finne i naboløa – som står på bruk nr 1.

Om dette er riktig teori kan det tyda på at opprinneleg bygning og dermed material i noverande bygg eldre enn både 1700 og 1600.

Før den tid igjen var det truleg bygning rett på mark, slik byggetradisjonen tilseier i området. Då antakeleg litt lenger oppe på det som etter historia heiter «smalhustuftæ» Det er å anta at smalaflora, i kjellaren på løa, er den eldste delen på noverande plassering.

Løa inneheld løe, smalaflor (i grunnmur), flor, møkakjellar og høyloft. Det er og to nyare siloar i tilknytning.

Det er inskripsjonar i tømmeret fleire stader, både religiøse, romertal og ellers symbolar som angiveleg vart brukte for "godt hell", til dømes solkorset. Her er også eit utval seglskuter inngravert både inni løa og på dører. Det er usikkert om desse har vore inngraverte etter løa vart reist, eller om desse er frå deler av tidlegare bygg som er brukt i bygningen.

Den eksakte historia er dermed ikkje kjend i detaljar, men at det er eit gamalt bygg er sikkert. Bygningen har sidan vore i bruk til gardsdrifta, det har vore dokumenterbar drift på garden frå 1500 talet og heilt fram til 2012 når siste sauen rusla ut døra. Her har vore tradisjonell drift som har omfatta sau, kyr, hest, høy og antakeleg korn.

Tross alder og bruk fram til notid, har dei store moderniseringane vore unngått og eigarane av Askvik har i all tid vore opptatt av å ivareta både bygg og historie so godt det lar seg gjera på "gamlemåten", derav framstår bygningen svært lik slik den antakeleg var bygd. Silo er kommen til over åra, og felte godt inn i gamle bygningen.

Reisverket, og bjelkar i hovudbygget er antakeleg mykje frå byggeår. Taket var ein gång på 1900 talet fornya for å halde tett og floren til storfe var oppgradert med støyp på veggjar. Det originale steingolvet er det same som ved bygging, og mesteparten av smalafloren er original. I sjølve lòa er det ikkje store endringar bortsett frå forsterkingar og eit mindre tilbygg som vart laga ein gång i førre århundre.

Underteikna ynskjer å ta vare på bygningen som forferdar har bygd og haldt i hevd i generasjonar. Fram til 2012 vart bygget haldt i hevd ved bruk , og var såleis ein del av driftsgrunnlaget og ei sokalla utgift til inntekts ervervelse. Dette er ikkje lenger tilfelle i den forstand at bygget ikkje gjev inntekt. Bygget er derimot ein viktig del av kulturhistorien både lokalt og regionalt, og er eit særst flott bygg og synar byggeteknikk frå byggeperiode og tradisjonar for driftsbygningar på ein typisk vestlandsgard.

Det synar og korleis historie og samtid har verka parallelt gjennom dei siste hundre år, gjennom moderate tilpassingar. Ikkje minst synar det i praksis at tidlegare generasjonar har vore særst flinke til å ta vare på det dei hadde med dei midlane dei hadde.

Førre eigar, Sigmund Askvik, hadde mangeårig kontakt med Trond Oaland og også Arild Sætre om me ikkje tek feil, for å forske på historia til bygget og var svært interessert i gamle metodar og skikkar. Dette visar heldigvis att på garden generelt og bygget i seg sjølv.

Det er viktig for eigar å bevare både bygget og historia det fortel for framtidige generasjonar.